

# Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, Lindås, Radøy og Austrheim kommune, Hordaland

---

**Heimel:** Fastsatt ved kgl.res. med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 39 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

## § 1. Føremål

Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit spesielt kystområde som inneheld trua, sjeldan og sårbar natur, og som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitskapleg verdi. Verneområdet er eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald. Her finst mellom anna spesielle førekomstar av den djuptlevande kronemaneten *Periphylla periphylla* og ishavsåte *Calanus glacialis*, og ei eiga sildestamme. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking.

Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

## § 2. Geografisk avgrensing

Det marine verneområdet dekker et sjøareal på omlag 70 km<sup>2</sup> med grense mot land langs dybdekote 2 m under sjøkartnull. Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen.

Grensene for det marine verneområdet går fram av kart i målestokk 1:100.000 datert Klima- og miljødepartementet xx. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kart og verneforskrift blir oppbevart i Lindås, Radøy og Austrheim kommunar, hos Fylkesmannen i Hordaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

## § 3. Vernereglar

I det marine verneområdet må ingen gjere noko som direkte eller indirekte øydelegg eller reduserer verneverdiane som er nemnde i verneføremålet

1. Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, er verna mot skade og øydelegging.
2. Planting av vegetasjon og utsetjing av organismar er forbode.
3. Dyrelivet i sjø og på sjøbotnen er verna mot skade og øydelegging.
4. Området er verna mot eitkvart tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring,

utslepp av kjølevatn frå land, omrøring av vassmassar og ankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.

#### **§ 4. *Generelle unntak frå vernereglane***

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsel eller forvaltingsoppgåver som er vedteke av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.
2. Fortøyning av småbåt, herunder fastfortøyning, dragfortøyning og oppankring mot land. Fortøyingmiddel på faste fortøyningar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar.
3. Havbruk innanfor fastlagte areal i kommuneplanen, og som ikke er i strid med verneformålet.
4. Hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og anna gjeldande lovverk, med unntak for hausting av vegetasjon, medrekna tang, tare og andre marine planter.
5. Uttak av framande, introduserte artar.
6. Bruk av registrerte kaste og låsesettingsplasser.
7. Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfiskloven.
8. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
9. Ferdsel med båt eller andre fartøy, medrekna oppankring mot land.
10. Drift og vedlikehald av eksisterande sjømerker og andre navigasjonsinstallasjonar.
11. Drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynte reparasjonar ved akutt utfall.
12. Drift og vedlikehald i samsvar med vilkår for godkjende kloakkanlegg.
13. Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna vegar, bruer, brygger, moloar, båtstøer og båthus.
14. Vedlikehald og utskifting av eksisterande fortøyningar.
15. Utslepp frå avfallsanlegg etter gjeldande utsleppsløyve.
16. Utslepp frå settefiskanlegg etter gjeldande utsleppsløyve.
17. Oppgradering/fornyng av eksisterande sjøkablar for å heve spenningsnivå og auke linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar for verneformålet.

#### **§ 5. *Spesifiserte dispensasjonsreglar***

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

1. Oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farledstiltak for å trygge ferdsel til sjøs.
2. Etablering av nye kablar og røyrleidningar.
3. Oppgradering/fornyng av sjøkablar som ikkje fell inn under § 4.

4. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv.
5. Småbåthavner og flytebrygger.
6. Tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkl. vassutskifting og straumforhold nemneverdig.
7. Vedlikehaldsmudring.
8. Istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.
9. Mindre uttak av sand til eige bruk for tilgrensande grunneigarar.
10. Bølgjedemparar i samband med småbåtanlegg.

#### **§ 6. *Generelle dispensasjonsreglar***

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta om det ikkje er i strid mot føremålet til vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jamfør naturmangfaldlova § 48.

#### **§ 7. *Skjøtsel***

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

#### **§ 9. *Forvaltingsplan***

Forvaltingsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltingsplan med nærare retningslinjer for forvaltning og skjøtsel av det marine verneområdet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 10. *Forvaltingsstyresmakt***

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

#### **§ 11. *Iverksetting***

Denne forskrifta trer i kraft straks.